



Møteprotokoll for Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Møtedato: 02.02.2021
Møtestad: Teams
Møtetid: 12:00 - 15:40

-Det var opplæring i elektronisk avstemming frå kl.11.00-12.00.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Christel Villanger Håland	H	Utvalsleiar
Thea Risøy	KRF	Nestleiar
Laila Bjørge	SP	Medlem
Jon Askeland (kom under sak 007/21)	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Hege Nygård Dale	UAVH	Medlem
Andre Fresvik	SV	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Svein Hagesæter	UAVH	Medlem
Torbjørn Taranger	SV	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
May Britt Vågenes Gjerde (gjekk under sak 007/21)	SP	Jon Askeland
Yngve Walaker	UAVH	Svein Hagesæter
Anna Ulrika Nordlund	SV	Torbjørn Taranger

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Birthe Kråkenes Bjørnstad-Manger frivilligsentral, Eirik Utne-kultursjef, Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst, Leif Bjørnar Hopand- rådgjevar Oppvekst, Line T. Waage-samfunnsplanlegger, Marit-Gro Berge-avdelingsleiar Strilabiblioteket, Marte Hagen Eriksrud-rådgjevar Plan og analyse, Mona Hagewick-tenesteleiar Barnehage, Nina Randal-dagleg leiar

Frekhaug frivilligsentral, Robert Lorang Hansen-ungdomskoordinator, Sigrid Fivelstad- konsulent Kultur, Nora Gjerde-sekretær.

Sakliste

Saknr	Titel
001/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/21	Godkjenning av møteprotokoll
003/21	Endring retningslinjer Ungdomsrådmidlane
004/21	Ungdomsrådmidlane - rapport 2020
005/21	Plan for Den kulturelle skulesekken 2021-2024
006/21	Universell utforma tilkomst til dagsturhytta i Byngja - finansiering
007/21	Meldingar og orienteringar til Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 02.02.2021

001/21: Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 02.02.2021:

Behandling:

Merknad:

-Endring rekkefølge sakliste: 001, 002, 007, 004, 003, 005 og 006/21.

-Det låg ute feil versjon av 3 saker, dette vart retta opp i møtet.

Ellers ingen merknader, samrøystes.

OKK- 001/21 Vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

002/21: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 02.02.2021:

Behandling:

Møteprotokoll frå møte 10.11.2020 vert godkjent, samrøystes.

OKK- 002/21 Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 10.11.2020 er godkjent.

003/21: Endring retningsliner Ungdomsrådmidlane

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner oppdaterte retningsliner for Ungdomsrådmidlane som er vedlagt saka.

Ungdomsråd 01.02.2021:

Behandling:

Orientering i saka v/Robert Lorang Hansen

UR- 003/21 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar Rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Samrøystes

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 02.02.2021:

Behandling:

Orientering til saka v/Robert L. Hansen-ungdomskoordinator

Fellesframlegg frå H, Krf, Uavh, Sp, Ap, SV v/Thea Risøy-Krf

Saka vert utsett. Ber administrasjonen arbeida grundigare med punkt 9. unytta midlar, mtp at dette var hovudårsaka til revideringa av retningslinjene. Framlegget vart samrøystes vedteke.

OKK- 003/21 Vedtak:

Innstilling frå OKK - 02.02.2021:

Saka vert utsett. Ber administrasjonen arbeida grundigare med punkt 9. unytta midlar, mtp at dette var hovudårsaka til revideringa av retningslinjene.

004/21: Ungdomsrådmidlane - rapport 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Til orientering

Ungdomsråd 01.02.2021:

Behandling:

Orientering i saka v/Robert Lorang Hansen

UR- 006/21 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar rådmannen stt framlegg til vedtak.
Samrøystes

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 02.02.2021:

Behandling:

Orientering til saka v/Robert L. Hansen-ungdomskoordinator
Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 8 røyster (Christel V. Haaland-H, Thea Risøy-Krf, Hege N. Dale-Uavh, Yngve Walaker-Uavh, Laila Bjørge-Sp, Jon Askeland-Sp, Jostein Borlaug-Ap, Anna Nordlund-SV)

Andrè Fresvik-SV var ikkje tilstades under avrøystinga.

OKK- 004/21 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur behandlar «Ungdomsrådmidlar rapport

2020» som ligg vedlagt saka.

005/21: Plan for Den kulturelle skulesekken 2021-2024

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner plan for Den kulturelle skulesekken for 2021-2024 slik han ligg ved saka.

Ungdomsråd 01.02.2021:

Behandling:

Orientering i saka v/Sigrid Fivelstad

UR- 004/21 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Samrøystes

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 02.02.2021:

Behandling:

Orientering til saka v/Sigrid Fivelstad-konsulent Kultur

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 005/21 Vedtak:

Innstilling frå OKK 02.02.21:

Alver kommunestyre godkjenner plan for Den kulturelle skulesekken for 2021-2024 slik han ligg ved saka.

006/21: Universell utforma tilkomst til dagsturhytta i Byngja - finansiering

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek oppstart av prosjektet universell utforma tilkomst til dagsturhytta i Byngja med ein projektkostnad på 3,5 millionar. Det vert løyvd 615 000 kroner i kommunale midlar til tiltaket.

Eldreråd 01.02.2021:

Behandling:

Rådgevar kultur, Bente Kopperdal Hervik og prosjektleiar eigedomsforvaltning Trond Engelsen, orienterte og svara på spørsmål.

Eldrerådet gav følgjande samrøystes uttale:

Eldrerådet har ingen merknader til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ER- 004/21 Vedtak:

Eldrerådet har ingen merknader til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 01.02.2021:

Behandling:

Fellesframlegg:

RMNF stør rådmannen sitt framlegg og vonar finansieringa kjem på plass, slik at éi av dei tre dagsturhyttene får universelt utforma tilkomst.

Framlegget vart samrøystes vedteke

RMNF- 004/21 Vedtak:

RMNF stør rådmannen sitt framlegg og vonar finansieringa kjem på plass, slik at éi av dei tre dagsturhyttene får universelt utforma tilkomst.

Ungdomsråd 01.02.2021:

Behandling:

Fellesorientering til alle rådene

UR- 007/21 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.
Samrøystes

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 02.02.2021:

Behandling:

Orientering til saka v/Eirik B. Utne-tenesteleiar Kultur

Fellesframlegg v/Jon Askeland-Sp

Saka vert sendt i retur til administrasjonen.

Kostnadene må vesentleg ned, og OKK ber administrasjonen om å vurdere ny lokalisering nærare vika i nærleiken av turstien. Plattingen utover neset er også problematisk i høve inngrep i strandsona. Utført dugnadsarbeid vert kompensert.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

OKK- 006/21 Vedtak:

Innstilling frå OKK - 02.02.21:

Saka vert sendt i retur til administrasjonen.

Kostnadene må vesentleg ned, og OKK ber administrasjonen om å vurdere ny lokalisering nærare vika i nærleiken av turstien. Plattingen utover neset er også problematisk i høve inngrep i strandsona. Utført dugnadsarbeid vert kompensert.

**007/21: Meldingar og orienteringar til Utval for oppvekst, kunnskap og kultur
02.02.2021**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og orienteringar vert teke til orientering.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 02.02.2021:

Behandling:

Meldingar og presentasjonar som vart gjeve i møte:

1. Høyring – rammeplan for SFO v/Leif Bjørnar Hopland-rådgjevar stab Oppvekst
2. Nytt lovverk for barnehagen, trygt og godt barnehagemiljø v/Mona Hagewick-tenesteleiar Barnehage
3. Korona tiltak: justert opningstid i barnehagane v//Mona Hagewick-tenesteleiar Barnehage
4. Politisk prosess for kommuneplanen sin samfunnsdel v/Line T. Waage-samfunnsplanlegger og Marte Hagen Eriksrud-rådgjevar
5. Flytande litteraturhus v/Marit-Gro Berge, avdelingsleiar Strilabiblioteket
6. Status BUA Frekhaug og BUA Manger - v/Birthe Kråkenes Bjørstad og Nina Randal, dagleg leiar Manger frivilligsentral og Frekhaug frivilligsentral

OKK- 007/21 Vedtak:

Meldingar og orienteringar vart teke til orientering.